

## Storarta skulemusikkbasar!

15.11.2015



Skulemusikken kom flott frå konsertavdelinga.

Grovteljinga fortalde at om lag 160 personar var på skulemusikkbasaren i Aktivitetshuset søndag ettermiddag. Det vart ei svært koseleg ettermiddagstund som starta med flott musikk av Uskedal skulemusikk, dirigert av Tor Skeie Olsen, og som fortsette med spenning under utloddinga og mykje godt under kaffi og kakeøkta.



Musikarane Camilla M. Ripel og Hanna Tvilde ønskte publikum velkomne.

Skulemusikken hadde hatt seminar med mykje øving i helga, men ingen kunne høyra at dei var slitne. Dei spela svært godt! Frå første tone var det og tydeleg at korpset no endeleg hadde fått tubaist. Og det var verkeleg ein tubaist med god trøkk! Dette er ein veldig styrke for grovmessinggruppa som er relativt få i høve til lysmessingen. Elles registrert vi også at korpset no stilte med flûgelhornist. Korpset er heilt klart i positiv utvikling. Vi finn flinke musikarar i alle instrumentgrupper, og dei yngste følgjer svært godt opp. Korpset spelar dermed også meir krevjande musikk enn tidlegare.

Etter å ha opna med ein hymne, forsette dei med marsjen **HHH** og **All about the bass**. **HHH** er komponert av unge Julie Skeie Olsen, som er visedirent i skulemusikken, medan ho hadde arrangert også den siste melodien for korpset. Flott arbeid både av Julie og musikarane.

Vi la merke til at korpset stilte i nye stilige uniformsgensarar. I tillegg har dei fått nye hettegensarar. Desse innkjøpa er gjort med støtte av midlar frå Sparebank1Stiftinga Kvinnherad.



Basarleiarane Janne og Hege med ein del av åregevinstane.

Det var to åresalgomgangar i tillegg til talongbøker. Gevinstmengda pr. omgang var stor, og dermed vart det mange glade vinnarar. Eg var så heldig at eg vann ein sekk, elles hadde eg fått problem med å få alt med heim! Dessutan er eg imponert over avviklinga. Basarleiinga med Janne Hjørnevig og Hege Lekva i spissen, viser både rutine og kreativitet når dei tilpassar åretalet til publikumstalet. Dei justerer med pris, tilleggslodd, og i tillegg var vi vitne til åreauksjon for første gong i Uskedalen. Fornøgde basardamer kan melda om eit resultat på 23.000 kr, - eit kjempeflott resultat på ein basar utan loddsalg på førehand!

Kakebordet var eit anna høgdepunkt på denne basaren, slik det er kvart år. Foreldregruppa og musikarane kan vera storfornøgde med arrangementet, og det var tydeleg at svært mange hjalp til under oppryddinga og. Heile arrangementet var unnagjort på knappe to timar.



Populært kakebord.



Gode loddseljarar, mor Janne og musikar Malena Hjelmeland, og gode loddkjøparar.



William Hjørnevåg hadde svært god trøkk i tubaen etter kort tid.



Thea Taranger, Tobias H. Berge Soldal, Kristiane Skjelnes og Celine Musland viser dei nye hette gensarane.



[Mange ønske seg skateboardet som redaktør Ola Matti Mathisen vann!](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.